

Referat frå representantskapsmøte i Stiftinga Kystkultur no!

Stad: Digitalt møte på Zoom, møteid: 884 0414 2374, passord: 202103

Dato: Tysdag 25. mai klokka 10.00-11.00.

Tilstades: Øyvind Oddekalv (Alver), Ole André Klausen (Askvoll), Kristin Magnussen (Austevoll), Per Lerøy (Austrheim), Torill Mjelva Saatvedt (Bergen), Kristin Bøe (Bjørnafjorden), Stian Herøy (Fedje), Harald Rydland (Fitjar), Kjetil Felde (Fjaler), Kjell Eide (Hyllestad), Bjarte Undertun (Gulen, Ola Teigen (Kinn), Kjetil Eikefet (Modalen), Hjalti Heimir Gislason (Osterøy), Knut Harald Frøland (Samnanger), Siri Sandvik (Stad), Linn Therese Erve (Sveio). I tillegg var styreleiar Sara Hamre Sekkingstad (Alver), styremedlem Gaute Epland (Stord) og dagleg leiar, Kjell Magnus Økland til stades. Med 17 røysteføre representantar til stades var møtet vedtaksfør.

Møtet vart opna av representantskapsleiar Per Lerøy.

01/21 Godkjenning av innkalling.

Det var ingen merknader til innkallinga.

02/21 Val av ein representant til å signera møteboka i tillegg til møteleiar og referent

Stian Herøy vart vald til å signera møteboka.

03/21 Årsmelding 2020

Styreleiar Sara Hamre Sekkingstad fekk ordet og gjekk gjennom årsmeldinga. Det var ingen merknader og årsmeldinga vart godkjend.

04/21 Årsrekneskap 2020

Dagleg leiar, Kjell Magnus Økland orienterte kort om rekneskapen og peika på stiftinga sin svake økonomi. Det var ingen merknader og årsrekneskapen vart godkjend.

05/21 Dagleg leiar orienterer om planar for verksemda til stiftinga

Kjell Magnus Økland orienterte kort om utviklinga av Kystkultur.no. Vidare nemnde han litt om den komande livestream-sendinga på Torgdagen 12. juni der alle dei 25 medlemskommunane er inviterte til å koma med kulturinnslag og ordførarane til å koma med videohelsing.

06/21 Ordskifte: Veggen vidare for stiftinga

Det var ingen som tok ordet under dette punktet.

07/21 Ymse

Det var ingen saker under ymse.

Møte slutt 10.20.

Sandsli, 27. mai 2021

Per Lerøy
Leiar representantskapet
Stiftinga Kystkultur no!

Stian Herøy
Representant for
Fedje kommune

Kjell Magnus Økland
Referent og dagleg leiar
Stiftinga Kystkultur No!